

200901128-1150

KV/KASO

Kirsten Kleppe Lyslo

Postboks 55, 6821 Sandane

Norges Vassdrags- og Energidirektorat

Postboks 5091 , Majorstua

0301 Oslo.

Vedkomande Breim Kraft sin søknad om konsesjon for å byggje og drive eit kraftverk i Storelva.

Bakgrunn: Underskrivne er fødd og oppvaksen på 100/19. Eg var barn i 40-åra og kjenner levemåten på Reed i krigsåra og opp til i dag, Sidan vi hadde eit lite småbruk med ku, sauer, gris og høner og rikeleg fisk frå Breimsvatnet, var det aldri for lite mat. Far i huset hadde stilling i Firda Billag så vi var vel orienterte om vegar og transport. Slåtten og dyrestellet var fort unnagjort .I kontrast til til born i gardsbruka rundt hadde vi rikeleg tid til aktivitetar i vatnet og nausta. Jentene spela ballspel på nausttaka og leika i Bakkejøle., Bading og roing var felles for gutar og jenter. Vi lærde å symje i Løkane i Reøyane og ro på Revika. I Øyane var første idrettsplassen i Breim. 17. mai feira vi med flagg i skogen der, sjølv om dette var ulovleg under krigen.

I dag har vi stor glede nytte av fisket i vatnet, turar i Refjæra og langs elva. Det er også triveleg å syne fram området ved vandringar/ synfaringar og ta ein prat med turistar, gjerne på engelsk.

Om utbyggingsplanene til Breim Kraft alternativ 1A. Viser til informasjonsbrosjyre mars 2011.

Tema	Konsekvensgrad
Landskap	Katastrofe for Reed og Seime
Kulturminne og kulturmiljø	Store negative konsekvensar
Fauna og flora	Store negative konsekvensar
Fiske og ferkvassbiologi	Betydeleg skade
Vasskvalitet og vassforureinong	Negativt. Kan ikkje slåast fast

Støy og luftforureining	Ingen kommentar
Landbruk	Mogeleg økonomisk vinning for nokre få. Generelt lite framtidsretta
Ferskvassressurssar	Skadeleg
Georessuar	Stein må ikkje dumpast i vatnet, og sand er ein viktig ressurs!
Tenestetlibod ogkommunal økonomi	Ingen kommentar
Sosiale og helsemessige forhold	Vantrivsel, misunning, misnøye.
Friluftsliv, jakt og fiske	Svært negativt. J.fr. Folkehelseprosjektet i Sogn og Fjordane. Prosjekt Innlandsfiske (Ferda) Frisklivsprosjektet i Gloppen

Frå lokalavisene: Firda fredag 24. juli 2009: "Grunneigarane legg opp til brutal utbygging" meiner naturvernforbundet. Firda Tidend onsdag 1. juni 2011: "Utbygginga er fullstendig uakseptabel"-Sogn og Fjordane Turlag. Firda 22. mai 2011. "Skjeldan naturtype" Svein Heggheim.

Eg er samd i synspunkta som kjem fram i desse artiklane .

For Historiske Reed og oss på 100/19 er folkelivet og naturen i Breim viktig, og vi innser at Reed no går inn i ein fase der mykje kan verte øydelagt, men ei kan også utvikle staden i positiv lei.

Konklusjon: Vi kan ikkje godta alternativ A1 slik det ligg føre.

Syner elles til tidlegare fråsegner om Storelva og linenettet, også med foto.

Sandane 22.08.2011

Med helsing

Kirsten Kleppe Lyslo
Kirsten Kleppe Lyslo

Vedlegg: Skriv frå Oddbjørg Johnsen Eck

REEDØYANE "FØR I TIDA"

Reedøyane so langt tilbake som eg kan hugse har alltid vore eit populært tur og fritidsområde.

Der har det vore ein samlingsplass for fastbuande, feriefolk og utflyttarar som var "heimom"

på besøk. Dette var barna, ungdommen, dei eldre sin plass for ein slags rekonvalesens. Der var på sumaren spesielt eit yrande liv med bading, leik osv. og der fant du TRIVSEL.

Besøkande eller fastbuande slappa av og brukte stranda til å nyte eit solbad, picnic osv. Det var mykje vanleg å ta med seg ei korg med termos og mat for å nyte eit måltid ved vatnet. Det var for oss barna eit lyspunkt når skuleåret var omme å kunne møtast på dette friområde utan plikter, men berre bade som var veldig populært og ha det moro saman. Ellers so måtte vi jobbe i heimen og hjelpe til med slåttan på sumaren, so dette var ei flott avveksling på "fritida" vår. Det kom alltid feriefolk og slektningar på besøk på sumaren og Reedøyane var ein samlingsplass også for desse. Det kunne virke som om det var obligatorisk med å opphalde seg ved vatnet å slappe av for ikkje minst dei tilreisande.

Etter kvart so oppedaga meire "ukjendte" dette fine området og slo seg ned med telt på sletta ved vatnet. Dette som no er Reed camping sitt område. Ein sumar eg var heime på ferie so hugsa eg å seie til mor mi at ho burde kanskje tenke på å starte opp med campingplass sidan so mange viste interesse for å opphalde seg i dette området. Vi tok turen til "Gloppen kommune" teknisk etat å lufta ideen om oppstarting og nokre år seinare so var "Reed camping" ein realitet. Ein ser i dag for ein attraktiv og populær plass dette er for folk frå alle deler av landet og utlandet. Hugsa dei koselege jonsokfeiringane vi hadde i "Løkjen" med ei mengde folk som kosa seg saman.

Ein slik "samlingsplass" er nok viktig å ha. Der føler alle, at her kan vi møte opp og møte kjente og slå oss ned for å nyte friheten som eit friområde har. Det seg være om ein ynskje å bade, fiske eller berre nyte dagen til å slappe av og føle ein viss tilhørighet til staden.

Dette er av dei FINASTE MINNER som eg har teke med meg vidare ut i livet og ut i verden.---

For framtida vår so er det nok viktig at nettopp slike "småting" blir prioritert. Det er på tide å sette inn andre verdiar enn børs og finans i sentrum. Empati og medmenneskelighet må settast i fokus!!!!

Mvh

Oddbjørg Johnsen Eck

Brüknr. 100/28 f. 050642 Datert: 20607
no.